



*"Stene-Gaard"
Copie efter Dreier fra 1816.*

LYSTGARDEN STEND 1741-1861

PÅ 1600- OG 1700-TALET budde rikfolk i Danmark-Noreg normalt i byane om vinteren, men om somrane flytta mange av dei ut på landet, der mange av dei hadde skaffa seg gardsbruk. Der oppførte dei «kjøbstedsbygninger», oftast med hage og parkanlegg rundt. Rundt København kom dette på moten kort etter 1660. Også rundt Bergen ser vi liknande tendens i dei siste tiåra av 1600-talet, og Stend må reknast som eit av dei beste eksempla på dette.

På lystgardane hadde dei store hus og kunne samle slekt og vener til selskap, og mange eigarar ville nok gjerne vise fram både rikdom og dugleik. Men desse gardane skulle ikkje berre vere til «lyst». Dei skulle skaffe landbruksvarer til familien, kjøt og mjølk, og mange stader etter kvart også blomster og eksotiske frukter.

Desse lystgardane låg i rimeleg kort avstand frå byen, slik at eigaren ikkje hadde alt for lang reise til og frå, for dei fleste eigarane hadde forretningar i byen å passe på. Fleire stader er det skrive om eit belte av slike lystgardar rundt byane.

Plakaten som vart sendt ut i samband med auksjonen i 1739 fortel at Stend hadde eit våningshus med ein tverrbygning og to sidebygningar og til saman seks kakkelomnar av jern. I hagen var det to små lysthus og to fiskedammar. På Rådsgarden var det borgstove, kjøkken, sengebu, vedhus, låve, flor, hestestall, eit rullehus, ei stove og to andre kammer. Der var det

Johan Fredrik Leonard Dreier (1775-1833) laga i 1816 eit prospekt over Stend. Det er kopiert og teke inn i slektsboka «Familien Krohn Stamfaderen og hans Børn», manuskriptsamlinga på Universitetsbiblioteket i Bergen nummer 438.

GARDEN STEND



STEND LIGG INST i Fana fjorden, og grensar mot søraust til Fana prestegard, mot sørvest til Hordnes, mot nord til gardane Rå, Nordås, Sørås og Apeltun, og mot aust til Titlestadgardane. Garden er på i alt 2213 dekar. Av dette er 309 mål fulldyrka, 34 mål overflatedyrka og 154 mål innmarksbeite. Stend har no 1315 dekar skog, og resten av arealet er uproduktiv skog, myrer og skrinn og jorddekt mark, veggrunn og bebygd areal. Sidan 1980-talet har Stend også brukt 87 dekar fulldyrka, 12 mål overflatedyrka og 24 mål innmarksbeite av Fana prestegard.

Vi veit at Stend var i drift i 1507, og at det er nemnt tre brukarar der i manntalslistene frå 1519 og 1522. I 1563 var det framleis tre brukarar, men på 1620-talet var garden delt i fire bruk.

Ved matrikkelen i 1665 fekk garden matrikkelnummeret 44 i Skjold skipreide, seinare vart det endra til 85. I 1838-matrikkelen fekk bruket løpnummer 274 i Fana, og i 1886-matrikkelen fekk Stend gardsnummer 97 i Fana. No har garden nummer 97 i Bergen.


Ved kvegskatten i 1657 er det for Stend rekna opp fire hestar, 29 kyr, tre oksar og åtte ungdyr, 17 sauer og to geiter. Sidan hensikta med teljinga var skattlegging, kan vi mistenkje at tala er i underkant av det brukarane på Stend verkeleg hadde. Matrikkelen i 1665 rekna med utsæd på 13 tønner havre, og ei avling på 42 ½ tønne. Garden hadde fire hestar og 46 naut

Kartet over Stend er teikna av Werner Hosewinckel Christie i 1776 i samband med oppmålinga han gjorde av garden Stend. Originalkartet er nytta til fleire seinare justeringar. Kartet er deponert ved Statsarkivet i Bergen.

Bergingja skulle liggje i ei heilt ny utdanning – *Jordskifteskulen*. I 1955 vedtok Stortinget ei ny jordlov, og det vart snart klart at det trngst fleire fagfolk til å forvalte lova i eit stadig meir komplekst samfunn. Året etter sende Landbruksdepartementet ein førespurnad til fylkesmannen i Hordaland om fylket kunne ta på seg å setje i gang eit jordskiftekurs på Stend, som ei prøveordning for fem år. Det skulle vere eit eittårig kurs basert på realskule, med mogleg vidareutdanning ved jordskiftelina på Norges Landbruks-høgskole. Staten ville ta på seg å løne ein jordskifte kandidat som lærar.⁴

Det var ikkje tilfeldig at departementet såg på Stend som særleg eigna til å få ei slik utdanning. I ei årrekke hadde skulen hatt eit opplegg der elevane fekk opplæring i landmåling ei veker tid før undervisninga inne tok til om hausten.⁵ Det var andrelærar Sigurd Liland og hagebrukslærar Gjert Vallevik som dreiv med dette. Kvar gruppe fekk i oppgåve å kartleggje og arealrekne eit område, og dei fekk lære å bruke reiskapar som vinkeprisme, pentagon og nivellerkikkert. Skulen hadde ei grunngeving for opplegget: «Mange av agronomane vert medlemmer av eller sekretærar i jordstyra rundt om i bygdene, og då bør ein kunna noko vanleg landmæling med einfelde hjelpemidlar.»⁶

Skulen greip tilbodet frå departementet med begge hender, men ønsket samtidig stabilitet. Lærarrådet ved Stend ville gjerne at kurset vart sett



Kjelder: Årsmeldingar for Stend jordbruksskule for åra 1945–92, Agronomen nr. 3/4 1995 for åra 1993–96, diverse korrespondanse frå Stend for åra 1997–2000 og Statistisk sentralbyrå for åra 2001–16. Merk at i åra 1964–74 er praksiselevane medrekna i det samla elevtalet (elles ikkje).

i gang, men var i noko tvil om å ta imot det dersom det skulle flyttast etter fem prøveår. Ei slik flytting ville kunne bli til skade for skulen. Også styret slutta seg til ei fast plassering ved Stend som den beste løysinga.⁷

Jordskifteskulen starta opp med ein klasse på 13 elevar i 1957. Søknaden til kurset var stor, og etter kvart tok ein inn fleire – frå 1968 26 elevar kvart år. Jordskiftelevane kom frå heile landet, og var med på å gje Stend ry langtover Hordaland fylke sine grenser. Det var vanskeleg å komme inn i jordskifteklassen, og skulen fekk status som noko meir enn ein vanleg jordbruksskule, med eit høgare teoretisk nivå. Samtidig utgjorde jordskiftelevane ein stadig større del av elevmassen ved Stend – i 1971–72 ein tredel.

Øvst t.v.: Blodbøken i vinterskrud, 1954. Tuntreet blei felt i 2013. Rektor Bjørn Lyngedal fekk laga skrivebord av kjerneveden. Foto: Arne Villanger

Øvst t.h.: Etter eit måltid lubbesild er det godt med ein kvil utanfor internatet. Foto: Ivar Føyeno 1948

Nedst t.v.: Køyring av hø, sommaren 1946, på toppen av lasset sit Knut Enes. Foto: Torkjell Stana

Nedst t.h.: Sverre Osmo på Agria Drott i 1961. Foto: Torleiv Ljones



for Bergenshalvøya og Askøy at beste byggjelandet låg i strøket mellom Nordåsvatnet og Fanafjorden.¹¹³ Midt på 1960-talet ønskte Fana tomteselskap å leggje ut 2600 mål til byggjeland i Hordnes-området, men planane vart skrinlagde av kommunen etter sterke protestar frå blant andre Fana Bondelag.¹¹⁴ Tidleg i 1970-åra jobba fylket si utbyggingsavdeling med planar for småbåthamn på Stend. Lærarrådet oppfatta dette som eit trugsmål mot Stend sin eksistens som jordbruksskule,¹¹⁵ men heller ikkje småbåthamna vart noko av.

På 1960-talet kom det i gang forhandlingar om bruk av skulen sitt areal til bossdeponi. Reinholdsverket i Fana hadde oppretta ei mellom-bels fylling i Rådalen, men denne trong utvidast. Også Bergen kommune var på jakt etter ein ny plass der dei kunne kvitte seg med grovavfall, og det blei inngått eit samarbeid med Fana. Men no kom Fana steinknuseverk og Stend jordbruksskule inn i prosessen. Sjefen for steinknuseverket, Thorolf Høie, og dåverande rektor på Stend, Asbjørn Øye, utarbeidde i fellesskap planar som kunne komme begge partar til nytte. Skulen hadde eit areal med myrar og fjellnakkar som ikkje let seg dyrke opp. Stein-knuseverket hadde på si side behov for areal der dei kunne sprengje ut stein. Løysinga med å planere og ta ut stein frå området i Rådalen, fyllje på med boss og deretter jord på toppen, skulle gje vinst for alle partar, og avtale blei inngått i 1966.¹¹⁶

T.v.: Kyr på beite på Meierimyr, det nye trappe-tårnet i bakgrunnen. Foto: Svein Viggo Jacobsen

T.h.: Det opne bossdeponiet på Stend. Foto: BIR (utlån)

Det årelange samarbeidet med Fana steinknuseverk har, som vi har høyrte tidlegare, gjeve skulen auka jordbruksareal og ekstra kroner i kassen. Inngrepa har vore av ein art som bevarte mykje av landskapet som grøntareal. Men det skal seiast at plaga med lukt, flygande avfall, rotter og fuglar var stor den tida bossfyllingane låg opne. Det var såleis ei stor glede når fyllingane kunne dekkjast til og bli omgjort til dyrka mark.

Dei siste åra har presset mot Stend-skulen sitt nabolag auka. På midten av 1980-talet tok Vegvesenet til å arbeide med planar om ny motorveg mellom Bergen og Os. Dei første planane gjekk ut på å byggje vegen over Stend sine marker, noko skulen sjølvsagt protesterte mot. Den endelege løysinga skulle bli tunnel heilt frå Rå til Endalausmarka. Anleggsarbeidet kom i gang i 2015, og det skal byggjast i alt 14,7 kilometer tunnelar, noko som gjev enorme mengder av steinmassar. Eit av områda styresmaktene har teke ut som steindeponi, ligg på Stend-skulen sin grunn i den søraustlege delen av Hordnesskogen. Også denne gongen har skulen sett muligheiter i samband med inngrepa. Etter at området er ferdig utfyllt i 2017,

NABOREAKSJONAR OG RETTSAVGJERDER – DET OPNE DEPONIE TIL PÅ STAVOLLEN/RÅDALSBOSSET

DEN TYPE OPE deponi som vart starta opp ved Stavoll-tjønnen frå 1963, var normalt til sjenanse for nabolag – også i dette tilfellet. Ettersom bossområdet vart utvida, auka problema – med lukt frå dei opne fyllingane og med mengder av fugl og rotter som heldt til på bossset. Dei første tiåra var dette til stor plage, med flygeavfall i tillegg. Dette var fordi fyllingane låg opne i dagen inntil dei vart dekte med stein- og jordlag.

Bergen kommune tok imot klager både frå nabolaga og frå landbruksskulen om problema. Situasjonen betra seg noko etter at det vart gjennomført fleire tiltak, men plagene var omfattande både på 1970- og 1980-talet. Harme i nabolaget over vedvarande miljøplager fekk rettsleg oppfølging ved at naboar på Skeie og i Rådalen retta søksmål (juni 1989) mot Bergen kommune som ansvarleg part for bossfyllingane.

Søksmåla vann fram (Bergen byrett 1991, Gulating lagmannsrett 1993) og kommunen vart dømd til å utbetale erstatningar til tolv naboar, grunna miljøplagene av bossset.

Konfliktane knytte til den kommunale drifta av avfallshandteringa fekk som resultat at deponering av husholdsavfall vart avslutta i 1997. Situasjonen i området og strengare deponeringsvilkår gjorde at Bergen kommune hadde måtta vurdere alternative løysingar for vidare bossdrift. Enten å sprengje ut ein fjellhall inne i Skeisåsen og halde fram med å deponere der, eller å byggje forbrenningsanlegg i området ved steinknuseverket. Etter lokale protestar mot inngrep i Skeisåsen vart bygging av forbrenningsanlegg vedteke i bystyret. Prøvedrift av forbrenningsanlegget starta i 1996.

Ansvar for etterdrift av dei gamle avfallsdeponia ligg i 2016 hos Grønn etat, Bergen kommune.